



## BARNEOMBODET

Justis- og beredskapsdepartementet  
Postboks 8005 Dep  
0030 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref:  
17/00102-2

Saksbehandlar:  
Anders Prydz Cameron

Dato:  
7. mars 2017

### **Høyring - evaluering og vidareføring av mellombels endringar i utlendingslova vedteke på bakgrunn av Prop. 16 L (2015-2016)**

Barneombodet takker for mogelegheita til å kommentere forslaga frå departementet. Vi støtter ikkje forslaget om at departementet skal ha same høve til å instruere Utlendingsnemnda (UNE) som Utlendingsdirektoratet (UDI). Vi støtter heller ikkje forslaget om å fjerne som vilkår for å nekte realitetsbehandling av ei asylsøknad at søkjaren kan få søknaden handsama i eit trygt tredjeland. Vi meiner disse to endringane må sjåast i samanheng.

#### **Barneombodets mandat**

Barneombodet skal i fylgje lov og instruks arbeide for at barn sine behov, rettar og interesser blir tatt tilbørleg omsyn til på alle samfunnsområde. Ombodet skal særleg fylgje med på at lovgjevnad til vern om barn sine interesser blir fylgde, og at norsk rett samsvarar med dei pliktene Noreg har etter FN's konvensjon om barnrettane. Ombodet skal av eige tiltak, eller som høyringsinstans, ivareta barn sine interesser i samband med planlegging og utgreiing på alle felt, foreslå tiltak som kan styrke rettstryggleiken for, med meir. Mandatet til Ombodet er avgrensa til barn under 18 år.

#### **Instruksjonsmyndigheit over Utlendingsnemnda**

Barneombodet meiner det er prinsipielt viktig at det organet som skal handsame klagar i utlendingssakar, særleg i asylsakar, er uavhengig av departementet i lovtolking og utøving av skjønn. På eit saksfelt som er så politisert som utlendingfeltet er, kan det å opne for at departementet skal kunne instruere UNE lett svekke rettstryggleiken til barn og barnefamiliar.

I høyringsnotatet skriv departementet at UNE har vorte instruert ni gonger på eitt år. Departementet meiner dette er ein «tilbakeholden praksis». Barneombodet meiner tvert om at departementet har vist stor vilje til å instruere UNE på visse område, og at det er tydeleg politiske motiv som ligg bak nokre av instruksane. Slike endringar, som har store konsekvensar for einskildmenneskje, bør etter vårt syn skje gjennom meir opne demokratiske prosessar, nemlig vanlege endingar i lov og forskrift.

Når det gjeld barn og barnefamiliar, og ikkje minst einslege mindreårige asylsøklarar, er forvaltninga sitt skjønn ofte avgjerande for utfallet av saka. Det er viktig at dette er eit fritt og

fagleg basert skjønn, ikkje eit skjønn basert på skiftande politiske vurderingar som i vanskelige høve, til dømes hausten 2015, kan skifte svært raskt.

I mars 2017 får departementet ei omfattande utredning om klagesakshandsaminga på utlendingsfeltet frå Graver-utvalet. Barneombodet meiner departementet bør vente på utvalet si utredning før dei fremmar forslag om permanente endringar i den eksisterande klageordninga.

Barneombodet anbefaler departementet å ikkje oppheve utl. § 76, andre ledd, andre og tredje punktum.

### **Handsaming av søknad om beskyttelse som vilkår for å nekte realitetshandsaming etter utl. § 32**

Barneombodet meiner det å få avklart asylsaka si så raskt som mogeleg er eit særst tungtvegande omsyn for barn og barnefamiliar. Artikkel 3 i barnekonvensjonen inneber at omsynet til det beste for barnet skal vere eit grunnleggjande omsyn i alle avgjerder som gjeld barn. Det å leve i usikkerheit/utan lovleg status i Norge, Russland eller eit anna land kan ha svært store konsekvensar for barn og barnefamiliar, og vil ikkje vere til det beste for barnet. Slik sett har mogelegheita for gjennomføring av vedtaket òg store konsekvensar, i strid med det departementet leggjer til grunn i høyringsnotatet. I ei tenkt, framtidig og uoversiktleg situasjon vil endringa departementet foreslår kunne føre til at mange barn og barnefamiliar vert buande i lang tid i Norge utan at asylsaka deira vert handsama, eller at familiar vert sende ut av Norge til land og område der det ikkje er eit fungerande asylsystem og der det heller ikkje finst fungerande tilbod om innkvartering, skule og helsehjelp til dei.

Det er òg viktig å sjå forslaget om instruksjonsmyndigheit over UNE og fjerning av vilkåret om realitetshandsaming for å nekte handsaming av asylsak i samanheng.

Storskog-saka har vist korleis kombinasjonen av disse to endringane førte til ei uoversiktleg og vanskeleg situasjon som varte i fleire månader, der barnefamiliar som hadde flykta frå krigsherja område som Syria fekk satt liva sine på vent fordi departementet instruerte utlendingsmyndigheitene om å nekte å realitetshandsama søknadane deira i håp å få dei dei returnerte til Russland. Resultatet vart likevel at dei aller fleste til slutt fekk handsama sakane sine i Norge.

Barneombodet anbefaler departementet å ikkje fjerne vilkåret i utl § 32 første ledd bokstav d) som krevjar at ei utlending må kunne få handsama ein søknad om beskyttelse i tredjeland før norske myndigheiter kan nekte realitetshandsaming av ei asylsøknad.

Barneombodet har ingen merknadar til dei andre forslaga i høyringsnotatet. Vi takker for mogelegheita til å kommentere forslaga og stiller oss gjerne til disposisjon for vidare drøftingar med departementet om saka.

Venleg helsing

Camilla Kayed  
fagsjef

Anders Prydz Cameron  
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.